



**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 04.12.2013  
**Tid:** 15:30 – 19:30

## Faste medlemmer som møtte:

| Namn               | Funksjon     | Representerer |
|--------------------|--------------|---------------|
| Wenche Tislevoll   | Ordførar     | H             |
| Agnar Aarskog      | Varaordførar | AP            |
| Arne Prestbø       | Medlem       | H             |
| Lars Ove Rimmereid | Medlem       | SP            |
| Harald Rydland     | Medlem       | KRF           |

## Forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|------|----------|---------------|
|------|----------|---------------|

## Varamedlemmer som møtte:

| Namn                             | Møtte for      | Representerer |
|----------------------------------|----------------|---------------|
| Bård Inge Sørfonn i sak PS 96/13 | Harald Rydland | KrF           |

## Frå administrasjonen møtte:

| Namn                   | Stilling                  |
|------------------------|---------------------------|
| Atle Tornes            | Rådmann                   |
| Andreas Moe Larsen     | Ass. Rådmann              |
| Torgeir Steien         | Konst. leiar plan og utv. |
| Anne Berit H. Johansen | Helse- og sosialsjef      |
| John Karsten Raunholm  | Skulesjef                 |
| Tore Nesbø             | Driftsleiar               |
| Bente Bjelland         | Kulturleiar               |
| Trond Salmo            | Økonomisjef               |
| Kristin Meland         | Møtereferent              |

Wenche Tislevoll

Lars Ove Rimmereid

Agnar Aarskog

Kristin Meland  
Møtereferent

| <b>Saksnr</b> | <b>Innhald</b>  | <b>Lukket</b> |
|---------------|---|---------------|
| PS 91/13      | Godkjenning av protokoll                                |               |
| PS 92/13      | Meldingssaker   |               |
| PS 93/13      | Formannskapet sitt budsjett for 2014 og LTP 2014-2017   |               |
| PS 94/13      | Særskilde avsetjingar i rekneskap 2013 til bruk i 2014  |               |
| PS 95/13      | Kommunale bustader - status pr. november 2013.          |               |
| PS 96/13      | Nytt kyrkjeorgel  |               |
| PS 97/13      | Kommunedelplan for idrett- og friluftsliv 2014-2024     |               |
| PS 98/13      | Prioritering og godkjenning av spelemiddelsøknader 2014 |               |
| PS 99/13      | Strategisk næringsplan - offentlig høyring              |               |
| PS 100/13     | Kulturprisen 2013                                       |               |
| PS 101/13     | Næringsprisen 2013                                      |               |
| PS 102/13     | Grunnerverv til veg over kyrkjegarden                   | X             |
| PS 103/13     | Ymse  |               |

### **PS 91/13 Godkjenning av protokoll**

#### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 13.11.2013

#### **Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

### **PS 92/13 Meldingssaker**

#### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek meldingane til vitande.

#### **Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:**

Driftsleiar Tore Nesbø orienterte formannskapet om uteområdet ved Rimbareid skule.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 93/13 Formannskapet sitt budsjett for 2014 og LTP 2014-2017**

### **Vedlegg:**

Sak FS 89/13 frå formannskapet av 13.11.13.

Innspel til budsjett 2014 frå FAU Rimbareid

Brev til politikarane vedk. klassedeling 3. klasse 2014/2015, Rimbareid skule

Søknad om støtte i 2014 frå Stiftinga Håkon den Gode

Ang. støtta til Sælevik SFO – uttale frå FAU Sælevik

Notat skulesjef dagsett 20. november

Notat helse- og sosialsjef dagsett 19. november

Vurdering av innsparing frå formannskapet sitt budsjettområde dagsett 20. november

Uttale frå råd for funksjonshemma - Budsjett 2014

Uttale frå Eldrerådet – vert ettersendt

### **Samandrag:**

Rådmannen presenterte sitt framlegg til budsjett i sak 76/13 i utvida formannskap 30.11.2013.

Formannskapet handsama budsjettet i sak 89/13 den 13.11.13 med slikt vedtak (3 mot 2 røyster):

Formannskapet sender over saka «Budsjett 2014 og LTP 2014-2017» til utval for oppvekst og omsorg, plan og miljø for handsaming, og til eldreråd og råd for funksjonshemma for uttale.

Formannskapet ber utval for Oppvekst og Omsorg innan oppvekst finna ei løysing på deling av 3. klasse (skuleåret 2014/15), og MOT på ungdomsskulen med midlar innanfor eige budsjett.

Formannskapet ber utval for Oppvekst og Omsorg innanfor helse og omsorg, finne ei løysing på folkehelsekoordinator i fortsatt 50% og ergoterapeut 50% innanfor prosjektmidlar, eventuelt ny søknad på prosjektmidlar. Samt finne plass til auka reinhold med 50% FBB innanfor eige budsjett.

Formannskapet ber utval for Plan og Miljø om å redusera budsjettet med 0,5 mill. for å finna plass til auke i vedlikehaldsbudsjettet.

Formannskapet skal sjå på ulike effektivitetssparande tiltak for å redusera budsjettet med 0,5 mill. innanfor eige område.

Utval for Plan og miljø handsama budsjettet i sak 88/13 den 19.11.13 med slik vedtak (4 mot 1 røyst):

Utval for plan og miljø finn ikkje grunnlag får å redusere budsjettet med kr. 500.000,- på bakgrunn av opplysningar frå teknisk avdeling.

Utval for Oppvekst og Omsorg handsama budsjettet den 26.11.13 med slik tilråding til Formannskapet (samrøystes):

Utval for oppvekst og omsorg sender forslag til reduksjon i budsjettet frå skulesjef og helse- og sosialsjef vidare til handsaming i Formannskapet.

Dei foreslåtte reduksjonane vil få fylgjer, viser i den samanheng til kommentarar frå skulesjef og helse- og sosialsjef.

### **Saksopplysningar:**

Etter Rådmannen la fram sitt budsjett, er det komme to endringar til Statsbudsjettet for 2014. Endringar i kommunen sitt budsjett som følgje av desse tillegga er ikkje innarbeida i budsjettet. Nøyaktige tal kjem truleg frå departementet 28. november.

Tilleggsproposisjon 1:

|   | <b>Budsjetteffekt</b>   |
|---|---|
| Redusert rammetilskot                                 | + 383.000,- (Fylkesmannen i Hordaland)  |
| Auka prisjustering som følgje av høgare prisindikator | 0,-   |
| Auke minimumstilskot private barnehagar               | 0,-   |
| Auke i foreldrebetaling barnehage -                   | 100.000,- i redusert tilskot til private barnehagar og 40.000,- meir i foreldrebetaling i komm. bh. |
| Bortfall opptrapping til to barnehageopptak           | 145.000,- i mindrekostnadar   |
| Avvikla gratis kulturskuletime 1.-4. kl.              | 55.000,- i mindrekostnadar  |
| Avvikla gratis frukt og grønt                         | 42.000,- i mindrekostnadar  |
| Redusert eigenbetaling dobbeltrom (institusjon)       | 0,-   |
| Tilskot til rusarbeid frå ramme til øyremerka tilskot | 0,-   |
| Styrka tilsyn med born i fosterheim                   | + 9.000,-   |
| <b>Sum</b>  | <b>10.000,- i redusert overskot</b>   |

Budsjettavtale mellom Regjering og KrF / V:

|  | <b>Budsjetteffekt</b>            |
|--|----------------------------------|
| Bortfall reduksjon tilskot til ressurskrevjande brukarar | 360.000,- (est.) i meirinntekter |
| Redusert rammetilskot som følgje av auke i kontantstøtta | 193.000,- (KS estimat)           |
| Auke i el-avgift   | 15.000,- (est.) i meirkostnad    |
| <b>Sum</b>   | <b>152.000,- auke overskot</b>   |

Formannskapet sak 79/13 «Rammeavtale mellom Fitjar kommune og Fitjar kultur- og idrettsbygg om drift og eigarskap til ny aktivitetsdel» fører til meirkostnadar som ikkje er budsjettert. Ein ser det som mest naturleg å legge desse midlane inn i kulturavdelinga. I følgje KOSTRA-retteljar skal kostnadane først på funksjon 234.

Straum aukar med 5.000,- og reinhald med 10.000,-. Ein tilsvarende sum skal betalast av Seniorsenteret. Husleiga aukar med 20.125,-. Det er ingen refusjon frå Seniorsenteret for denne summen.

Ein har behov for å oppretta ny teneste 5000-2340 med følgjande postar:

| <b>Konto</b> | <b>Skildring</b>                    | <b>Budsjett</b> |
|--------------|-------------------------------------|-----------------|
| 11800        | Straum                              | 0,-             |
| 11900        | Husleige                            | 20.125,-        |
| 12600        | Kjøp reinhald og vaktmeisterteneste | 0,-             |
| <b>Sum</b>   |                                     | <b>20.125,-</b> |

**Vurdering:**

Ein føreset at endring i budsjett vert innarbeidd før vedtak.

**Framlegg til vedtak:**

Budsjettet vert lagt ut på høyring i perioden 4. desember til 18. desember.

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta slikt budsjett for 2014, investeringsbudsjett, og langtidsplan 2014-2017:

**Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:**

**Representanten Arne Prestbø (H)** kom med slikt framlegg på vegne av H og AP

Endring budsjett 2014.

|   |                  |
|---|------------------|
| Årsresultat 13.11                         | 2.600.000        |
| Endringar tilleggsprop.                   | - 10.000         |
| Endringar investeringar                   | 221.000          |
| Ressurskrevjande brukarar – tilleggsprop. | 365.000          |
| Auka kontantstøtte                        | -193.000         |
| Auke i el-avgift                          | -15.000          |
| <b>Årsresultat med kjente endringar</b>   | <b>2.968.000</b> |

|   |          |
|---|----------|
| 0,5 promille reduksjon eigedomsskatt hus/hytter (til 2,5 prm) | -628.000 |
| Effektiviseringstiltak – vakanse byggesak, kundetorg          | 250.000  |
| Ikkje auka stilling kultursjef – til 80%                      | 125.000  |
| Kontrollutvalet, vanleg prisstigning                          | 192.000  |

|   |         |
|---|---------|
| Auke lag og organisasjonar – til opphøveleg | -50.000 |
| Auka bokbudsjett – til opphøveleg           | -30.000 |

|   |          |
|---|----------|
| Deling 3 klasse frå hausten – ekstra lærarressursar | -100.000 |
| SFO Sælevik   | -20.000  |
| Styrka reinhald/vaskeri FBB                         | -276.000 |
| Folkehelsekoordinator til 50% stilling              | -156.000 |

**Verbale føringar:**

|  |          |
|--|----------|
| Auka vedlikehald, skule – veg            | -500.000 |
| Prosjektstilling kulturleiar, planarbeid | -100.000 |
| Planarbeid, ymse                         | -150.000 |

**Årsresultat – etter endring** **1.525.000**

**Representanten Harald Rydland (KrF)** kom med slikt framlegg på vegne av KrF, Sp og FrP

**Driftsbudsjettet:**

Med endringar i forhold til rådmannen sitt budsjett som hadde eit overskot på kr. 2.592.759,-

| Kap. | Auka inntekt/red.kostnad     |         | Note | Merknad                   |
|------|------------------------------|---------|------|---------------------------|
|      | Overføring frå staten(netto) | 150.000 |      | Auka innt.                |
|      | Eigedomsskatt på nye anlegg  | 100.000 |      | Auka innt.                |
|      | Kontrollutval                | 100.000 |      | Red. auke i aktivitet     |
|      | Administrasjon/politisk      | 50.000  |      | Reduksj. div. småutgifter |
|      | Helse og omsorg              | 50.000  |      | Reduksj. div. småutgifter |
|      | Skule og oppvekst            | 50.000  |      | Reduksj. div. småutgifter |
|      | Økonomiteneste               | 15.000  |      | Reduksj. div. småutgifter |
|      | Drift IKT                    | 15.000  |      | Reduksj. div. småutgifter |
|      | Husleige, rådhuset           | 200.000 |      | Redusert leige            |
|      | Vakansar, plan og miljø      | 100.000 |      | Ubemanna stillingar       |
|      | Vakansar, landbrukskontoret  | 50.000  |      | Ubemanna stillingar       |
|      | Årskog kai, inntekt          | 100.000 |      |                           |
|      |                              |         |      |                           |
|      | Bruk av fond frå 2013        | 150.000 |      |                           |
|      |                              |         |      |                           |
|      |                              |         |      |                           |

|  |  |                  |  |                                  |
|--|--|------------------|--|----------------------------------|
|  | Redusert overskot  | 90.000           |  |                                  |
|  | <b>Sum</b>   | <b>1.220.000</b> |  |                                  |
|  | <b>Auka kostnad/ red. inntekt</b>                          |                  |  |                                  |
|  | Plan for bedriftshelset.                                   | 30.000           |  |                                  |
|  | Deling av klasse, Rimbareid                                | 265.000          |  | 3. klasse frå hausten 2014       |
|  | Velferdstiltak   | 30.000           |  |                                  |
|  | SFO-ordning i Døffjorden                                   | 20.000           |  | Støtte til privat ordning        |
|  | Øvrebygda skule, vedlikehald                               | 400.000          |  | Vedlikehald                      |
|  | Reinhaldstenester FBB                                      | 150.000          |  | Ca. 30 % stilling                |
|  | Førebyggjande arb. ungdom                                  | 50.000           |  | Samarb. skule/næringsliv         |
|  | Kulturmidlar   | 50.000           |  | Auka løyving                     |
|  | Biblioteket, bokbudsjett                                   | 30.000           |  | Auka løyving                     |
|  | Annonsering, kulturavd.                                    | 20.000           |  |                                  |
|  | Laurdagsbading   | 25.000           |  | For barneskuleelevar og foreldre |
|  | Håkonarspel  | 100.000          |  | Grunnlovsjubileum                |
|  | Tilskot, Fitjarfestivalen                                  | 50.000           |  |                                  |
|  | <b>Sum</b>   | <b>1.220.000</b> |  |                                  |
|  | <b>Overskot 2014 vert etter justeringane kr. 2.502.759</b> |                  |  |                                  |

#### Investeringsbudsjettet:

Med nye prosjekt og justerte summar i forhold til rådmannen sitt budsjett.

| Kap.   | Prosjekt                           | 2014             | 2015           | 2016             | 2017             |
|--------|------------------------------------|------------------|----------------|------------------|------------------|
| Drift  | Gymsal/snupl. Sælevik              | 100.000          |                | 1.500.000        |                  |
| Kyrkja | Nytt orgel                         | 1.700.000        |                | 2.200.000        | 600.000          |
| Drift  | Veg Sælevik-Tislevoll              | 1.000.000        |                | 5.000.000        | 5.000.000        |
| Drift  | Ventilasjonsanlegg Øvrebygda skule | 700.000          |                |                  |                  |
|        | <b>Sum</b>                         | <b>3.500.000</b> | <b>200.000</b> | <b>8.700.000</b> | <b>5.600.000</b> |
|        | <b>Inndekning</b>                  |                  |                |                  |                  |
|        | Lån                                | 3.500.000        | 200.000        | 8.700.000        | 5.600.000        |
|        | <b>Sum</b>                         | <b>3.500.000</b> | <b>200.000</b> | <b>8.700.000</b> | <b>5.600.000</b> |

#### Røysting:

Det vart først røysta over formannskapet sitt framlegg. Dette fekk 0 røyster og fall.

Deretter vart framlegg frå H og AP sett opp mot framlegg frå Sp, KrF og FrP

Framlegg frå H og Ap fekk 3 røyster

Framlegg frå Sp, KrF og FrP fekk 2 røyster og fall.

#### Tilråding til kommunestyret: (3 – 2 (Sp og KrF))

|   |                  |
|---|------------------|
| Årsresultat 13.11                         | 2.600.000        |
| Endringar tilleggsprop.                   | - 10.000         |
| Endringar investeringar                   | 221.000          |
| Ressurskrevjande brukarar – tilleggsprop. | 365.000          |
| Auka kontantstøtte                        | -193.000         |
| Auke i el-avgift                          | -15.000          |
| <b>Årsresultat med kjente endringar</b>   | <b>2.968.000</b> |

|   |                  |
|---|------------------|
| 0,5 promille reduksjon eigedomsskatt hus/hytter (til 2,5 prm) | -628.000         |
| Effektiviseringstiltak – vakanse byggesak, kundetorg          | 250.000          |
| Ikkje auka stilling kultursjef – til 80%                      | 125.000          |
| Kontrollutvalet, vanleg prisstigning                          | 192.000          |
| <br>  |                  |
| Auke lag og organisasjonar – til opphavelag                   | -50.000          |
| Auka bokbudsjett – til opphavelag                             | -30.000          |
| <br>  |                  |
| Deling 3 klasse frå hausten – ekstra lærarressursar           | -100.000         |
| SFO Sælevik   | -20.000          |
| Styrka reinhald/vaskeri FBB                                   | -276.000         |
| Folkehelsekoordinator til 50% stilling                        | -156.000         |
| <br>  |                  |
| <b>Verbale føringar:</b>                                      |                  |
| Auka vedlikehald, skule – veg                                 | -500.000         |
| Prosjektstilling kulturleiar, planarbeid                      | -100.000         |
| Planarbeid, ymse  | -150.000         |
| <br>  |                  |
| <b>Årsresultat – etter endring</b>                            | <b>1.525.000</b> |

## **PS 94/13 Særskilde avsetjingar i rekneskap 2013 til bruk i 2014**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet set av følgjande beløp på fond i rekneskapet for 2013 til bruk i 2014:

|                           |  |
|---------------------------|--|
| Ansvar 1000, teneste 3250 | kr 100.000,-                           |
| Ansvar 1100, teneste 3030 | inntil kr 100.000,- (kommunale midlar) |
| Ansvar 4000, teneste 1200 | kr 50.000,-                            |
| Ansvar 4200, teneste 2540 | kr 200.000,-                           |
| Ansvar 5000, teneste 3650 | inntil 50.000,- (kommunale midlar)     |

Vidare vert det sett av inntil kr 20.000,- til ny velferdsklubb i Fitjar kommune frå velferdsmidlane på ansvar 1100, teneste 1200.

### **Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:**

I tillegg til tiltak i saksutgreiinga kom rådmannen med følgjande tillegg til vidareføring. Ny rosanalyse brann og redning med Stord kommune kr. 80.000,-. Denne vidareføringar vart ikkje stetta.

**Ordførar Wenche Tislevoll (H)** kom med følgjande tillegg:

|                        |  |
|------------------------|--|
| Sentrumsutvikling      | kr. 60.000 (Ansvar 3100, teneste 3350) |
| Strategisk næringsplan | kr. 50.000 (Ansvar 1000, teneste 3250) |

På bakgrunn av drøfting i møtet gjekk **representanten Agnar Aarskog (Ap)** frå som ugild som styreleiar i FKIB

### **Røysting:**

Ved røysting vart administrasjonen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå rådmannen vart ikkje stetta.

Tilleggsframlegg frå Wenche Tislevoll vart samrøystes vedteke og det ligg føre slikt

**Vedtak: (Samrøystes - 4 røyster)**

|                           |  |
|---------------------------|--|
| Ansvar 1000, teneste 3250 | kr 100.000,-                           |
| Ansvar 1100, teneste 3030 | inntil kr 100.000,- (kommunale midlar) |
| Ansvar 4000, teneste 1200 | kr 50.000,-                            |
| Ansvar 4200, teneste 2540 | kr 200.000,-                           |
| Ansvar 5000, teneste 3650 | inntil 50.000,- (kommunale midlar)     |
| Ansvar 3100, teneste 3350 | kr. 60.000,-                           |
| Ansvar 1000, teneste 3250 | kr. 50.000,-                           |

Vidare vert det sett av inntil kr 20.000,- til ny velferdsklubb i Fitjar kommune frå velferdsmidlane på ansvar 1100, teneste 1200.

**PS 95/13 Kommunale bustader - status pr. november 2013.****Framlegg til vedtak:**

Utvalet for oppvekst og omsorg vil gje følgjande tilråding til Formannskapet.

1. Det må arbeidast vidare med modulbygg – løysing, for «bustadlause». Administrasjonen må innhenta prisar på løysingar, og rådmannen må få ramme til kjøp på 1,5 - 2 mill.
2. Ramma for kjøp av bustad til omsorgsformål vert frigjeven, og rådmannen får fullmakt til å forhandle om kjøp av bustad.

**Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 26.11.2013:**

Rådmann Atle Tornes og helse- og sosialsjef Anne Berit Hovstad Johansen orienterte om saka. Det er store utfordringar med å finna tomt/bustad til «bustadslause». Utvalet drøfta saka grundig.

Representanten Dagfinn Brekke (KRF) kom med følgjande framlegg til nytt pkt. 1 i tilrådinga:

Det bør arbeidast med ei løysing for riving av eiendommen Fitjarsjøen, og oppføring av modulbygg-løysing for «bustadlause».

Ved røysting fekk framlegget 1 røyst, og fall. Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og det ligg føre slik:

**Tilråding til Formannskapet:**

1. Det må arbeidast vidare med modulbygg – løysing, for «bustadlause». Administrasjonen må innhenta prisar på løysingar, og rådmannen må få ramme til kjøp på 1,5 - 2 mill.
2. Ramma for kjøp av bustad til omsorgsformål vert frigjeven, og rådmannen får fullmakt til å forhandle om kjøp av bustad.

**Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:****Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.



## **PS 96/13 Nytt kyrkjeorgel**

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune kan ikkje imøtekomma søknaden frå Fitjar kyrkjelege fellesråd om investering i pipeorgel.

Kommunen vil likevel kunne bidra med midlar til investering i pipeorgel (nytt eller brukt) innanfor den same ramma som eit elektronisk orgel vil kosta, sett til kr. 750.000 i 2016.

### **Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:**

**Representanten Harald Rydland (KrF)** sa seg ugild i saka som medlem i orgelnemnda og som påtroppande kyrkjeverje og gjekk frå møtet.

**Representanten Bård Inge Sørfonn (KrF)** møtte som vararepresentant.

**Representanten Lars Ove Rimmereid (SP)** kom med slikt framlegg til tilråding på vegne av SP og KrF.

Fitjar Kommune vil imøtekomma søknaden frå Fitjar kyrkjelege felles råd med investeringsmidlar ihh til søknaden til nytt klassisk pipeorgel i Fitjar Kyrkje.

Midlane vil bli lagt inn i LTP på investering :

2014 - 1,7 mill

2016 - 2,2 mill

2017 - 0,6 mill

Det vert sett tak på 4,5 mill på den kommunale delen, dette gjeld om orgelet vert dyrare. Om orgelinvesteringa vert rimelegare enn budsjettet, 5,5 mill, skal den kommunale delen reduserast prosentvis lik reduksjonen.

**Representanten Arne Prestbø (H)** kom med slikt framlegg til tilråding på vegne av H og AP.

Fitjar kommune kan ikkje imøtekomma søknaden frå Fitjar kyrkjelege fellesråd om investering i pipeorgel fullt ut.

Kommunen vil likevel kunne bidra med midlar til investering i pipeorgel (nytt eller brukt) innanfor ein ramme på 2,5 mill. 1 mill i 2015 og 1,5 mill i 2016.

### **Røysting**

Ved røysting fekk framlegg frå administrasjonen 0 røyster og fall.

Framlegg frå SP og KrF fekk 2 røyster og fall

Framlegg frå H og AP fekk 3 røyster og det ligg føre slik

### **Tilråding til kommunestyret: (3 – 2 (Sp og KrF))**

Fitjar kommune kan ikkje imøtekomma søknaden frå Fitjar kyrkjelege fellesråd om investering i pipeorgel fullt ut.

Kommunen vil likevel kunne bidra med midlar til investering i pipeorgel (nytt eller brukt) innanfor ein ramme på 2,5 mill. 1 mill i 2015 og 1,5 mill i 2016.

## **PS 97/13 Kommunedelplan for idrett- og friluftsliv 2014-2024**

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap legg kommuneplan for idrett- og friluftsliv til offentleg ettersyn slik den no ligg føre.

### **Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:**

Ordfører gjorde merksam på at det ikkje vert sett høyringsfrist og foreslå frist 1. februar 2014.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Fitjar formannskap legg kommuneplan for idrett- og friluftsliv til offentlig ettersyn slik den no ligg føre med høyringsfrist 1. februar 2014.

## **PS 98/13 Prioritering og godkjenning av spelemiddelsøknader 2014**

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune prioriterar rekkefølge på innkomne søknader om spelemidler for 2014:

### **Ordinære idrettsanlegg:**

Fitjar idrettslag med slik prioritering :

1. Nytt klubbhus ved kunstgrasbanen
2. Ny lyssetting av kunstgrasbanen.

### **Nærmiljøanlegg:**

O-Kart Tveitafjellet og Fitjarstølane. Søkjar: Fitjar idrettslag.  
Aktivitetsområde ved gamle brannstasjonstomten.Søkjar: Fitjar kommune  
Fotballmål og badmintonstolpar. Søkjar: Fitjar idrettslag).  
Skatepark Rossneset: Søkjar: Rossneset trivselpark/Fitjar kommune  
Ballbinge Rossneset: Søkjar: Rossneset trivselpark/Fitjar kommune  
Grusbane Rossneset. Søkjar: Rossneset trivselpark/Fitjar kommune

Saka vert lagt fram utan tilråding for denne kategorien.

### **Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:**

Formannskapet drøfta saka og prioriterte lista for nærmiljø slik som oppsett i framlegget.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

### **Ordinære idrettsanlegg:**

Fitjar idrettslag med slik prioritering :

1. Nytt klubbhus ved kunstgrasbanen
2. Ny lyssetting av kunstgrasbanen.

### **Nærmiljøanlegg:**

1. O-Kart Tveitafjellet og Fitjarstølane. Søkjar: Fitjar idrettslag.
2. Aktivitetsområde ved gamle brannstasjonstomten.Søkjar: Fitjar kommune
3. Fotballmål og badmintonstolpar. Søkjar: Fitjar idrettslag).
4. Skatepark Rossneset: Søkjar: Rossneset trivselpark/Fitjar kommune
5. Ballbinge Rossneset: Søkjar: Rossneset trivselpark/Fitjar kommune
6. Grusbane Rossneset. Søkjar: Rossneset trivselpark/Fitjar kommune

## **PS 99/13 Strategisk næringsplan - offentlig høyring**

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap legg strategisk næringsplan ut til offentlig ettersyn, høyringsfrist vert sett til 1. februar 2014.

**Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 100/13 Kulturpris 2013**

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt føre utan tilråding.

**Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:**

Saka vart handsama i lukka møte jfr. § 31.4 i kommunelova.

**Vedtak:**

Kulturpris for 2013 går til Jakob Vik.

**PS 101/13 Næringsprisen 2013**

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt føre utan tilråding.

**Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:**

Saka vart handsama i lukka møte jfr. § 31.4 i kommunelova.

Næringspris vart ikkje utdelt i år.

**Vedtak:**

**PS 102/13 Grunnerverv til veg over kyrkjegarden**

**PS 103/13 Ymse**

**Framlegg til vedtak:**

**Behandling i Formannskapet - 04.12.2013:**

**Rådmannen orienterte om:**

Forprosjekt brannsamarbeid med Stord og Bømlo kommune. Rådmannen har starta arbeid med forstudie.

Scenario Fitjar sentrum, m.a. tilkomstveg Skyssbrekko – dette vert teke opp til drøfting i formannskapet seinare.

**Ordfører Wenche Tislevoll orienterte om**

1. Vedtak i samarbeidsrådet; Prosjekt for ny kommunestruktur i Sunnhordland for kommunane Bømlo, Stord og Fitjar. Det skal opprettast gruppe som skal utarbeide mandat for vidare arbeid. Ordfører representerer Fitjar kommune i den gruppa.
2. Stord kommune har foreslått Harry Herstad som kandidat til styra i helseføretaket under Helse Vest. Fitjar kommune stettar dette.
3. Åskog Dokk. Denne er no så godt som fjerna. Det ligger masse på kaien som skal analyserast før levering til depot.

**Vedtak:**